Vestmannen

Nr.2 Bergen, 20. februar 1995 11 årgang

Språkleg vern um åndsverk

Frå Ivar Aasen-sambandet og Vestlandske Mållag
ved formennene Roar Madsen og Lars Bjarne Marøy

På årsmøti i Ivar Aasen-sambandet og Vestlandske Mållag i oktober 1994 kom det fram harme imot vanvyrdnaden *for* og vanferdi *mot* norske grunntekster i Norsk Salmebok og i skulebøker. Herifrå spreider skamfarne og språkleg forfalska tekster seg til andre skrifter.

Medan fornminne i Noreg hev lovvern, er det likt til at originaltekster av avlidne forfattarar er fritt vilt språkleg for tekstutgjevarar av ymist slag. Me meiner at me hev like god grunn til å freda originaltekster på vårt mål, som grannefolki våre hev til å freda sine språklege originaltekster. Der er dette sjølvgjeve. Um det fyrst er grunn til å ha med eldre tekster i lærebøker, so vil elevane finna like godt ut av tekstene i uforfalska som i språkleg forfalska form. Me avviser at nynorskelevar hev ringare evnor i so måte enn andre elevar.

Originaltekstene er ein fyresetnad for å skyna litt av målsoga. Dei er grunnleggjande historiske aktstykke for målet. Dertil er det røynlege norske målet mykje rikare og vidare enn det nedskanta offisielle skulemålet og lærebokmålet.

I "Lov om opphavsrett til åndsverk m.v." frå 12/5-1961, med brigde ved lov frå 20/12-1974, heiter det i kap. 6, paragraf 48: *"Selv om opphavsrettens vernetid er utløpet, kan et åndsverk ikke gjøres tilgjengelig for almenheten på en måte eller i en sammenheng som er krenkende for opphavsmannens litterære, vitenskapelige eller kunstneriske anseelse eller egenart, eller på annen måte antas å kunne skade almene kulturinteresser."*

Slik me ser det, er det ei krenkjing av litterær og kunstnarleg eigenart når t.d. mynstergilde salmar av klassiske diktarar kjem ut med ord og former som upphavsmannen aldri skreiv. Me meiner det skadar ålmenne kulturinteressor å forfalska målet i diktverk. Dømi på at slikt hev vorte og vert gjort, er legio. I Norsk Salmebok er mynsterlege dikt av Elias Blix, Anders Hovden og andre medfarne på ein slik måte at professor Reidar Djupedal slo fast at Norsk Salmebok ikkje burde ha kome ut. Jamvel nasjonalsalmen av Blix er tilklussa. Me finn ein salme "Sjå Jerusalem, sjå din konge kjem" som skal vera av Blix. Blix skreiv aldri denne salmen. Derimot skreiv Blix "Seg Jerusalem: Sjå din konung kjem". I Norsk Salmebok heiter det at Blix hev umsett etter Brorson "Her kjem me Jesus dine små, og vil til deg i stallen gå." Blix er ikkje andsvarleg for ei slik umsetjing; hjå Blix heiter det: "Her kjem me, dine arme små, Vår Jesus, til din stall å sjå." Anders Hovden skreiv ikkje "Joleklokker over jorda, ring no ut dei sæle orda", slik me les i Norsk Salmebok. Han skreiv den klangfulle salmen "Joleklokkor yver jordi, ring no ut dei sæle ordi". Når namnet på diktar eller umsetjar er kalla Blix eller Hovden, so skal teksti vera bokstavrett Blix-tekst eller Hovden-tekst. Hev einkvan fingra med teksti, bør namnet på vedkomande vera med!

Dømi våre er frå Norsk Salmebok, men liknande døme kunde takast frå skulebøker, diverre. Med bakgrunn i rettleidingi *Målform og normering i lese- og sangbøker* som Norsk språknemnd gav ut i 1961, vert det i Norsk språkråd synt større pietet for danskspråklege tekster enn for tekster på norskrøtt mål. Men i den mun grunntekster ikkje vert respekterte på det andre offisielle målet, krev me sjølvsagt same tekstvern der. Det må vera same reglar for båe måli. Vårt krav er at me her i landet òg syner *full språkleg pietet både til originaltekster og til umsetjingar.*

I dette bladet:

Språkleg vern um åndsverk	1
Ordtøkjet	1
J. Krokvik: Årbok for Telemark (melding)	2
Ludv. Jerdal: Rettskriving 1938	2
Bladpengane 1995	2
Mot Ivar Aasen-året	3
Litterært tekstvern	3
Vestmannalaget	3
Gåvor til Vestmannen	3
Sagt	4
Sverre Wetteland: Me må odla	4
Ludv. Jerdal: Um Arild Haaland	5
Telefonen	5
Indrebø-samlingi	5
Eyvind A. Dalseth: Kyrkjejubileum	6
Målmøte på lærarhøgskulen	6
K. E. Steffens: Det humanøkologiske samanbrotet	7
Aktivt i Aasen-sambandet	7
L. J. Jol i Sogn (melding)	7
Per Torhaug: "Den norske kyrkja og ortodoksien"	7
Bjarne Rabben: Med målbøker i skreppa (framhald)	8
Listamål og vossamål	9
Arne Horge: Forogh Farokhzad	10
Forogh Farokhzad: På nytt skal eg helse soli	10
Lars Bjarne Marøy: Standardspråk og dialekt (bokmelding)	11
Ludv. Jerdal: Trygve Nordanger	11
Lars Bjarne Marøy: Målskeid	12
Gustav Indrebø um læreboknemndi	13
Sveinung Ones: Tuftekallen	14
NMU-seminar i Oslo	14
Garm d.y.: Talemålsnærleik	15
Ludvig Jerdal: Nanna Ebbing	16
Sluttordet	16

Ordtøkjet

Den som ikkje spyrr, han vert ikkje visare enn han var fyrr.

Etter Ivar Aasen

Årbok for Telemark 1994

Årbok for Telemark kom oss i hende kring årsskiftet, eit nytt triveleg møte med ei årbok som no hev fullført 40. årgangen. Telemark Mållag gjev ut årboki, og Jan-Rune Bjørnson melder frå mållagsårsmøtet um auke i medlemstalet frå 775 til 809 lagsmenn.

Innhaldet i årboki er mangfelt. Simon Georg Dahlen hev med minne etter den kjende målaren Henrik Sørensen som ei tid fekk med bygder i Telemark å gjera, medan Johan Vaa fortel på Raulands-farga mål um raulendingen gjenom tidene; raulendingen hev «føykeskavlar og fjellbjørk i seg,, segjer forteljaren. Trygve Fosstveit fortel levande og mangt nytt frå dei fyrste freistnadene med folkehøgskule i Telemark, på 1870-talet.

Johan A. Schulze skriv um språklege sermerke frå Sleimdal-Siljan. Grunnlaget for Siljan-namnet er det gamalnorske *Sleimdalr*, som truleg knyter seg til eit gamalt elvanamn, *Sleima* eller *Sleimå*.. Forvitneleg nok, men av eit anna slag, er stykket til Gro Nomeland Gjerden, um mattradisjonar i Sauherad. Stampegraut var koka jordeple (potetor) og mjøl, med litt salt i. Helst skulde stampegrauten vera heilt fast. Arne Hardeng fortel um Jørgen Moe i Hjartdal, og Aslaug Høydal, bokskrivaren frå Telemark som lenge hev butt på Bismo i Skjåk, skildrar «Jolesjau i Anåskosi midt i 1920-åri, so vidt eg skynar eigne sjølvupplevde minne. Thor Engebretsen hev eit stykke um den evnerike målaren Ola Hanson frå Hovin under Blefjell, truleg ukjend for dei fleste utanfor Telemark. Her er med ei stor mengd upplysande og klårgjerande foto av fin kunst, noko av Hanson, noko av andre. Og til slutt hev Tor Lunde Larsen ein vidfemnande artikkel um industrikulturen i Telemark; Telemark er, veit me, eit stort industrifylki.

Skriftstyrar er Dag Aanderaa i Flatdal. Han hev med eit lite fyreord der han minner oss um at innanfor dagsens Telemarkfylke er det frå gamalt berre den øvre luten som heiter Telemark. Der bur *telene*. Lenger nede held *grenene* til, i Grenland. Grensa gjeng ved Ulefoss. Truleg halvkjende upplysninar for mange på andre kantar av landet.

Jostein Krokvik

Rettskrivingi 1938 ei ulukka for målet

Å klussa med a-infinitiven var det verste, sa Olav H. Hauge

Av Ludv. Jerdal

Nyleg sende NRK, P2, nokre samtalor som Olav Vesaas hadde teke upp med skalden Olav H. Hauge stutt tid fyrr Hauge fall ifrå. Det var forvitnelege samtalor um dikting og diktekunst, um umsetjingar av dikt, og det kom gode og vise fyndord frå den sjølvlærde og fine lyrikaren og målkunstnaren frå Ulvik i Hardanger. Olav Vesaas leidde samrødone på framifrå god vis. Han spurde, og han let Hauge koma til ords utan å kommentera.

I det siste av desse upptaki kom dei inn på rettskrivingi for det norske målet. Vesaas peika på at Hauge ikkje hadde skifta yver til ny rettskriving. Hauge stadfesta dette, og han sa at han hadde nytta 1917-rettskrivingi ubrigda. Bak den rettskrivingi stod folk som Alexander Seippel, Nikolaus Gjelsvik, Knut Liestøl, Olav Midttun og andre kunnige folk. Men i arbeidet med seinare rettskrivingar kom dette helvetes Språkrådet med, som ikkje kunde anna enn heradsstyremål. Eg fylgde med i den harde rettskrivingsstriden i 1937-1938, sa Olav H. Hauge. Professor Gustav Indrebø var ein av deim som åtvara sterkast imot den nye rettskrivingi. Indrebø sa det var ei ulukka for norskt mål, og det hadde han heilt rett i. Dei skulde ha høyrt på han, sa Hauge.

Og han kom inn på det umbytet me fekk då a-infinitiven vart vraka, og e-infinitiven kom i bruk. Hauge peika på at alt Aasmund Olavsson Vinje sa at å klussa med infinitiven var ei ulukka for språket vårt. Telemålet er eit framifrå godt mål, og det hev som kjent kløyvd infinitiv. Dèn er det på lag uråd å læra for andre. Og so endar alt i e-infinitiv, soleis som me no ser det til dagleg. Det undrar meg at sunnfjordingar og nordfjordingar, som hev so godt eit mål, gjekk med på å bruka e-infinitiv, sa Hauge. Det er ikkje råd å skyna det.

Dette sa Olav H. Hauge utan at han var kjend med den fråsegni um a-infinitiven

som eit samrøystes årsmøte i Ivar Aasen-sambandet og Vestlandske Mållag vedtok den 22. oktober 1994. Dei tvo samskipnadene sa dette:

Me ser med uro på den tilstemna til avskiping av a-infinitiven i nynorsk som ovrar seg i kunngjeringar frå riksstyret, i målbruken på Det Norske Teatret, i skuleverket og i massemedia som pressa og kringkasting. Denne formi er den klåraste minningi um det norrøne upphavet til målet, som islendskt, færøysk og svenskt mål, og det klåraste avviket frå tysk målbunad med slakk e-vokal i alle ordklassor.

Skal me berga den norrøne grunnhåtten og sleppa å siga ned til eit slags plattysk underbruk, som tilfellet er med dansk og norskdansk, må det ikkje sleppa ned dette avgjorde norrøne målmerket.

Lærebøker og ordbøker må gjeva full rettleiding i bruk av denne formi, i samsvar med dei klassiske bokverki av Ivar Aasen og Steinar Schjøtt.

Er det von til at styremakter og massemedia vil høyra på so klår og sann tale som dette frå diktaren Olav. H. Hauge og tvo samskipnader som stend på Ivar Aasens grunn?

Bladpengane 1995

Hev du hugsa bladpengane? No hastar det å gå på postkontoret og betala Vestmannen for 1995. Både bladet og Aasen-rørsla treng at kvar einskild sender sin skjerv. Vanleg årspris kr 150,-. Student/elevpris kr 100,-.

Vestmannen, 6143 Fiskåbygd. Postgiro 0802 25 63 92

Vestmannen

Vestmannen kjem med 10 nummer i året
Bladpengar kr. 150,- for året
Studentpris kr. 100,-

Kan tingast på poststader og frå Vestmannen, 6143 Fiskåbygd

Postgiro: 0802 4 25 63 92
Bankgiro: 8401.21.43027

Utgjevar:
Vestmannalaget,
5000 Bergen
Telefon 55 31 79 29 /55 16 37 32

Bladstyrar:
Jostein Krokvik
6143 Fiskåbygd
Telefon 70 02 14 29

Rekneskapsførar:
Helge Liland
Midgeilen 16
5067 Store Milde
Telefon 55 99 15 25

Prenta hjå:
Nytrykk
6143 Fiskåbygd
Telefon 70 0 2 13 07

Tilskrift for all post: Vestmannen, 6143 Fiskåbygd

Mot Ivar Aasen-året

Den 23. september 1896 døydde Ivar Aasen, 83 år gamal. Han var fødd den 5. august 1813. Siste åri hadde Aasen vore heller veikleg etter ein hard lungebrand i 1890, han tok ikkje upp att arbeidet etterpå, men helsa kom seg so nokolunde. Han døydde fredeleg for augo på Johannes Belsheim, teolog og vitskapsmann, som, slik ofte tidlegare, var på gjesting heime hjå Aasen.

Me skal ikkje her koma inn på det store og grunnleggjande målvitskapsarbeidet, upplysningsarbeidet og kunstnarlege arbeidet til Aasen; det vert det vonleg høve til koma inn på seinare og i alle fall i sjølve Aasen-aaret. Ivar Aasen er med rette kalla norsk skriftmåls far, ei nemning som er internasjonalt kjend. Når Vestmannen nemner Aasen-året alt no, er det for å minna Aasen-rørsla og vestmannarørsla um å planleggja høgtidingi av Aasen-året i god tid. Det er med statlege midlar sett ned eit sekretariat for Aasen-året i Ørsta/Volda. Tanken her er fyrst og fremst å samordna og spreida kunnskap um Aasen-tilstellingar og liknande. Men innhaldet i vår høgtiding av Aasen-minnet vert i stor mun upp til oss sjølve og lagi våre, Ivar Aasen-sambandet, Vestlandske Mållag, Vestmannalaget, Norsk Bokreidingslag, Vestmannen og fleire. På vår kant hev me alltid teke Ivar Aasen og Aasen-målet på ålvor, og me må gjera oss synlege i Aasen-året. Kanskje kann me òg i dette høvet få statsmidlar til hjelp? Me må gjera vårt til at det vert eit Aasen-år som styrkjer det målet som er byggjegrunn for lagi våre og som det er vår fyreloga å vera med på å atterreisa.

J.Kr.

Litterært tekstvern

I Vestmannen prentar me ei utsegn frå Ivar Aasen-sambandet og Vestlandske Mållag um vern av litterære tekster. Eller rettare - um manglande vern. Det er skræmande lesnad. Slik hev stoda diverre vore sidan det tilsikta halsande målblandingsstrevet vart rikspolitisk rettesnor på 1930-talet. Det vil segja, i kyrkja kom målvandalismen fyrst med den boki som ber namnet Norsk Salmebok.

På riksmålssida kom det alt i 1950-åri ein knusande storm mot forfalskande tukling med målet i skulebøker. Dei sterke ordi sikta, som rimeleg er, til bokmålstekster, danske og norskdanske. Me hev det inntrykket at stormen førde fram, og at bokmålstekster i skulebøker i stor mun sidan fekk fred. Grunnlovsbrigde vert vedvarande skrivne på den gamle dansken frå 1814; den danske teksti i nasjonalssongen er freda, men derimot ikkje den norske teksti i nasjonalsalmen av Elias Blix! I vårt mål driv framleis slumpesame filolologiske (i nokre høve kanskje teologiske) klattmakarar og fiklar med tekster etter språkrådsgodkjende ordlistor! Det er barbarisme som ikkje høyrer heime i noko kulturland.

Me avviser at attgjevne tekster i skulebøker skal vera på anna enn diktarmålet. Trengst ordtydingar, fær dei koma i tilleggsmerknader. Me avviser at songar og salmar skal språkleg forfalskast i songbøker og salmebøker. Er det tale um umsetjing, må umsetjarnamn vera med. Um riksmålsrørsla meiner denne barbarismen råkar deira mål, tykkjer me at den medvitne kjernen av målrørsla og riksmålsrørsla i denne saki skal stå saman. Det gjeld eit kulturvern viktugare enn vern av fornminne.

J.Kr.

VESTMANNALAGET

Alle møti i Brygens Museum kl. 19:

Torsdag 16. februar 1995: Lektor Roald Danielsen talar um Idrott i norrøn tid.

Torsdag 16. mars 1995. Årsmøte, ope for alle. Tidlegare skulestyrar Ingjald Bolstad talar, truleg um Lars Eskeland.

Torsdag 6. april. Upplæringsleidar Jan Spurkeland (visediktar og songar) vil kåsera, syngja og lesa eigne dikt.

NB! Merk at dette møtet vert halde tidleg i månaden på grunn av påskehelgi. Påska gjer at me ikkje kann ha møtet midt i månaden, og sist i april er lokalet uppteke.

Stjorni syslar med planar um eit festmøte torsdag 11. mai på Hordaheimen i samband med frigjeringshøtidi. Dette kjem me attende til.

Bladet Tuftekallen på alle lagsmøti!



Gåvor til Vestmannen

"Noregsvinir í Föroyum", Tórshavn, 200. K.E. Steffens, Oslo, 50. Reidar Thornes, Oslo, "Noreg er rette namnet", 1000. Synneva Skaar, Seim, 50. Eirik Brattegard, Ål, 50. Njål Vere, Oslo, 50. Ola Breivega, Sannisdal, 350. Askild Horneland, Stord, 25. Harald Kongsvoll, Gurskøy, 100. Ivar Grimstad, Hareid, 50. Ole Gilje Dale, Skien, 50. Jostein Krokvik, Fiskåbygd, 100. Øystein Færøyvik, Solheimsvik, 100. Eli Freim, Etne, 50. Arne Gjeraker, Kaupanger, 50. Einar Eintveit, Skånevik, 50. Johan A. Schulze, Oslo, 100. Robert K. Anderson, Hovin Telemark, 100. Gudmund Krokvik, Fiskåbygd, 50. Jørgen Tveiten, Hosanger, 100. Torgils Vågslid, Eidsvoll, 150. Jorunn Hidle, Nord-Hidle, 100. Lars Eikevik, Flekke, 50. Svein Erik Helvik, Mjølkeråen, 50. Svein M. Kile, Volda, 100. Helga Hirth, Bergen, 50. Eigil Lehmann, Skjoldtun, 50. Ingjald Bolstad, Voss, 150. Trond Sæbø, Oslo, 100. Agnar Kleppe, Ulvik, 50. Gudrun Dahle, Ølve, 50. Eng. Eikeland, Minde, 50. Sigurd Askevold, Creston, Canada, 50. Lars Kvamme, Hjeimås, 50. Norsk Målungdom, Oslo, 150. Olav H. Hovden, Ørsta, 50. Arthur Berg, Hop, 50. Johannes Heggland, Tysnes, 100. Jenny Utne, Utne, 50.

Gåvor i alt denne gongen kr 4125,-Hjarteleg takk!

Vestmannen

Sagt:

Han med hoven
Nei, Gula Tidend har eg så sjeldan i fingrane at eg ikkje kan synast noko om ho lenger. Men avisa var i huset kvar dag den tida Per med Hoven styrde. Ho har vel ikkje vore så veldig interessant dei siste åra. Det er ikkje så mykje stoff herifrå, og det er måte på kor mykje om vestlandsk landbruk ein har interesse av.

Fridtjov Urdal i Gula Tidend

Ein slange ved barmen
Det undra nok mange at eit styre kunde skipa eit lokalblad som førde til at Gula Tidend miste tingarar til det nyskipa bladet. Det gav då berre underskot, og snart måtte det nye bladet seljast. Det fekk namnet VestNytt og er no lokalblad for nokre bygder der Gula Tidend frå gamalt hadde sterkt fotfeste. Vest-Gula var ein slange som Gula Tidend ol ved sin barm.

Ludvig Jerdal i Gula Tidend

Um lygn
Ingen bryr seg om ei pølse i slaktetida eller ei løgn i Dagbladet.

Svein Sæter i Dag og Tid

Arbeid og tvangsflytting I
Gunnar Berge gjer seg til talsmann for den mobile arbeidskrafta. Han fremjar ein av dei viktige draumane til storkapitalen: Arbeidstakarar som kan flyttast og setjast inn der det trengst, og der det er mest pengar å tene - for kapitalen.

Folk må ta ansvar for eigen situasjon, krev Gunnar Berge. Det har han heilt rett i, og folk flest gjer også det. Er ikkje nettopp det moderne norske samfunnet prega av at folk flyttar på seg for å få utdanning og arbeid; at vi flyttar meir på oss enn vi nokon gong i historia har gjort?

Leidar i Dag og Tid

Arbeid og tvangsflytting II
Men vi ser også resultata av at folk bryt opp med familie og ungar frå eit trygt og kjent lokalmiljø og legg ut på arbeidsjakt. Her går det faktisk ei alvorleg grense for kravet om at arbeidslause skal flytta på seg for å få arbeid. Vi risikerer å skape eit land av rotlause, tendensane er der allereie. Dette fører igjen til store sosiale problem. Slik kan den «mobile arbeidskrafta» koma til å kosta samfunnet dyrt, og bli tyngre å bera for statsbudsjettet enn utbetalingane til arbeidslause i dag.

Leidar i Dag og Tid

Me må odla det norske målet - me hev berre eitt!

Av Sverre Wetteland

I dei seinare åri er det vorte interesse for å restaurera, det vere seg gardar, hustufter, bygningar, veteranbilar og mykje anna. Det vert etla ut prisar for godt restaureringsarbeid. Vel og bra alt det der. Det segjest at nostalgien er på mote.

Men på eitt umkverve vert det gjort heller lite restaureringsarbeid, og det gjeld noko so viktig som målet vårt. Heiderlege undantak finst. Me hev Vestmannalaget og Norsk Måldyrkingslag, og målungdomen hev ans for høgnorsk, dessmeir. Men elles er det smått stell med målodlingsarbeidet.

Eg fær stendig høyra at målet «utviklar» seg, og rettskrivingi lyt fylgja med. Eg skynar ikkje heilt kva som meinest med «utvikling» her. Var norrønt eit slags underutvikla norsk? I so fall må islendsk og færøysk standa langt attende i utvikling. Ivar Aasen sitt mål, og målet åt Marius Hægstad og Gustav Indrebø var òg underutvikla kan henda? Vidare heiter det at ord og segjemåtar som vert bruka i ein dialekt, må kunna brukast i nynorsk. Segjer ein t.d. «begravelse» i staden for «gravferd», ja, då må det kunna godtakast i nynorsk. Det som dialektromantikarane ser heilt burt ifrå, er at mange danismar hev kapsla seg inn i målføri. I fleire nordnorske dialektar segjer dei «nu» og «trær». Fleire stader langs svenskegrensa segjer dei «ben», «sten», «høk» m.m. i staden for «bein», «stein», «hauk». Fylgjeleg lyt dette so verta tillate i «moderne» nynorsk. Den sokalla LTG-metoden (læring på talemålsgrunn), kan vera vel og bra, men full fyrsteupplæring i morsmål berre på dialekt, er eg kritisk til. Marius Hægstad, den fyrste som gjekk inn for ei norm i det som den gongen heitte landsmål, vilde nok vore samd. Han «våga ikkje sleppa handi åt Aasen».

Dertil fær me høyra at dei som hev nynorsk til hovudmål, ja, dei fær bokmål på kjøpet. Eg er ikkje fullviss på at dette berre er til bate for nynorsken. Me fær høyra at me er so (stokk) konservative når det gjeld målet. Å vera radikal, det er «in». Men det er det me er. Ordet «radikal» kjem av det latinske *radix* som tyder «rot». Me er radikale på det viset at me vil attende til røtene i målet vårt, dette er då so populært i dag. Det er nett dette som ligg i «radikal»! Dei som gjeng inn for å restaurera på andre umkverve (sjå ovanfor) er vel heller ikkje konservative.

Ender og då fær me høyra at at nynorsken og bokmålet etter kvart er vortne so like at det er ikkje gagnet i å halda på tvo mål. Her spring me som oftast i skyttargravi og legg imot so det susar. Men er dette alltid rett? Eg meiner me skal ikkje berre kimsa av eit sovori argument. Eg kan ikkje anna enn å gjeva deim noko rett i dette stykket. Dette hev det vore skrive mykje um tidlegare i Vestmannen. Eg viser til nr. 5/1994 der Lars Bjarne Marøy hev greidd ut dette i eit forvitneleg bladstykkje. Riksmålsmannen Sigurd Hoel var mykje uppteken av psykoanalyse. Han tok fyre seg den etter kvart so kjende hunden til russaren Pavlov. Når hunden såg ei ellipse som lyste, fekk han mat. Nårt han såg ein sirkel som lyste, fekk han drikke. Etter kvart byrja Pavlov å «rundla» ellipsa so ho vart heller lik sirkelen. Hunden fekk då store vanskar med å skilja ellipsa frå sirkelen, og han byrja då å bera og klaga seg. Det er nett dette som hender i dagsens skule. I dei kommunane der nynorsken er hovudmålet, fær me difor ei skreid yver til bokmål etter 9-årig skule. Dei fekk då bokmålet med på kjøpet. Her må noko gjerast. Men nei. Noregs Mållag hev valt å prioritera EU-kamp og «skulemål», kva det siste måtte vera. Det er uråd å få til eit ordskifte um norm.

Her ligg so mykje sprengstoff at ingen torer å taka i dette emnet med ei glotong eingong. Nokre vil hava inn former som til dømes «kommer» og «spiser», då «færre» brukar former som «kjem» og «et». Nynorsken lyt fylgja «utviklinga» i talemålet. På det viset vert det fritt fram for *an-be-het-else-messig*-ordi. Men visse ting tyder på at det er det motsette som gjeng fyre seg: lemping av skriftnormalen slær ut i talemålet. Difor er det ovviktig å hava ei fast norm som samstundes markerar fråstand til bokmålet. Difor er det turvande å vera radikal, å ganga attende til røtene.

I dag er òg «miljøvern» eit honnørord, og det vert gjort mykje godt arbeid mot ureining. her er det vel det sokalla miljøheimevernet som gjeng lengst. Men miljøvern i vid tyding lyt òg umfatta målet vårt, og det er på tide me fær eit miljøheimevern for norsk mål. Målungdomen hev vore frampå her, men det er ikkje nok. Me lyt alle taka oss på tak. «Tek kvar og ein sin vesle stein, vert snart vår åker rein».

Bergen hylla Arild Haaland

Av Ludv. Jerdal

Den mangslungne filosofiprofessoren, forfattaren, historikaren, debattanten, kronikøren, snikkaren som vøler og fornyar gamle hus, som gjev kunst til institusjonar og kyrkjor og som ber namnet Arild Haaland vart heidra storfelt på Restaurant Bellevue då han den 13. desember 1994 fylte 75 år. Det kom eit stort bokverk, med artiklar av Arild Haaland og av mange yrkeskollegaer, fint tilbudd og med ei lang Tabula Gratulatoria. Og det vart ein fest som berre kan haldast ein stad, og staden heiter Bergen. Sveinung Ones skreiv i Bergensavisen um festen, og han tok sterkt i. Han skreiv at 75-åringen vart hylla som ingen hev vore hylla sidan Håkon Håkonsson vart krynt - for 750 år sidan!

Sjølvaste universitetsrektor Ole Didrik Lærum var kjøkemeister, og han er god lurblåsar òg. 110 gjester var benka ikring runde bord med plass til 8-10 ved kvart bord. Skodespelar og borgarmeister Rolf Berntzen las ein prolog som Dagfinn Malt hadde skrive og som hadde både hyllingsord og brodd og humor. Reidun Horvei kvad folketonar, Knut Hamre spela på hardingfela, pianisten Geir Botnen spela komposisjonar av Harald Sæverud og Geirr Tveitt, kringkastingsmannen Jakob Skarstein hadde skrive hyllingssong som vart sungen med styrke og varme.

Og det var talor og gåvor i mengd. Sonen, historikaren Anders Haaland, skildra far sin i ein frisk tale, og elles var Oddveig Foldøy, ein av kjærastane ifrå Jæren som hev kjent Arild Haaland gjenom 30 restaureringsår på gamle bygdnader, ein av hovudtalarane. Ho vedgjekk at ho hadde vore innteki av denne bergensaren i 30 år, og at ho rekna han som ei brur. Han var då òg klædd i egyptisk kjortel og med sandalar på føtene på dette storgildet. Rektor Lærum bar fram boki, frå Gamle Bergen kom konservator Tryggve Fett med blodbøk og med 5000 rhododendronar frå Christian Rieber. Dr. philos. Orm Øverland kom med gode ord og gåva frå det instituttet som Haaland hev vore knytt til på Universitetet. Luciagjentor song, og det kom melding frå Bergens-ordføraren Bengt Martin Olsen um 50 000 kronor i kommunalt tilskot til Midthuset/Storemøllen som Haaland no held på og restaurerar. Frå Fortidsminneforeningen kom formannen Inger Lise Skarstein med Heidersnål, og Arild Haalands eigen vernepris på kr 10 000 vart yverrekt til ein sers aktiv vernevølar, Geir Vetti.

Unni Skagestad las dikt, Oddvar Torsheim, biletkunstnaren frå Førde, gav solosong um Vangsgutane til beste, og han spela munnspel til, professor Trygve Solhaug song solo, det var dei velkjende songane «Å leva det er å elska» og «Tytebæret uppå tuva», og Ludvig Jerdal las eit kjærleikskvede frå Brevikens strand som aldri hev vore prenta og som ber språklege merke på at det kan ha eit visst svensk upphav.

Takketalen som Arild Haaland heldt, var både sprudlande og spekka med filosofiske tankar. Han samanlikna seg med gamle Diogenes, mannen som budde i ei tunna. Eg hev havt til mål at eg aldri skulde eiga meir enn 100 000 kronor; men i ei inflasjonstid hev det vore vanskeleg nok. Eg er glad i dykk! sa Arild Haaland til den store festlyden, og eg er glad i livet. Men eg skal døy med ein smil når den tid kjem. Og eg skal etterlata meg siste månads pensjon. So skal du, Anders, syta for at eg kjem i jordi, anten på Varhaug på Jæren, på Træna på Helgeland eller på Kinn i Sunnfjord. Du skal finna ein bautastein og rissa inn at Anders reiste denne steinen yver Arild, far sin. Og so treng du ikkje tenkja meir på meg og mitt. Livet hev vore eit eventyr. Sa Arild Haaland.

* * *

Friviljug sak

Telefoninnlegget i nr. 9 i fjor um Språkrådet hev vekt fleire til ettertanke. Ein lesar, ikkje heilt ung, segjer at han alltid hev bruka nynorsk, frå folkeskulen og til i dag. Det kjem han til å gjera heretter med, so lenge han finn på prent og fær bruka det tradisjonelle målet, nokolunde slik me ser det i Vestmannen. Men vert det ein dag berre att dagsens språkrådsmål og ordlistenormal - lesaren brukar dei ordi - so gjeng han yver til bokmål, lovar han. Det er ei friviljug sak kva mål du vil velja her i landet.

Indrebø-samlingi i Riksarkivet

Inger Indrebø Eidissen, dotter til professor Gustav Indrebø, hev, hjelpt av bror sin, teke vare på og skipa til den store samlingi etter far sin. Han døydde brått i 1942, berre kring 52 år. No er samlingi komi til Riksarkivet, der ho vert teki vare på for framtidi, og til gransking for komande granskarar. Samlingi er tilgjengeleg i Riksarkivet under merkje *PA 877 Gustav Indrebø.*

I Indrebø-samlingi er ei mengd manuskript av ymist slag, brev, fyredrag, talor, artiklar og skrifter. Her er samla yversyn yver avisinnlegg o.a. i ymse hopeheng, som rettskrivingssaki, salmebokarbeidet og Noreg-Norge-spursmålet. Og her er notatar, personalia og kopiar av sume artiklar. Og mykje anna som ikkje er nemnt her. Eit stort og verdfullt arbeid er gjort med å skipa til denne samlingi som i seg sjølv er vitnemål um den umåteleg store gjerningi til Gustav Indrebø.

Hev du hugsa bladpengane?

Tankar kring eit kyrkjejubileum

Av Eyvind A. Dalseth

I den djuptenkte boki si *Norrøn livskunst* skriv Torstein Høverstad ei vikktug setning: Frå 1500 er det den danske samfunnstanken som hev rådd i Noreg. Noreg fekk ein knekk ved reformasjonen og danskeveldet; norsk folkeånd vart skipla i si naturlege utvikling.

Bonden var den som berga dei gamle samfunnsdygdene best, men han hev vunne berre ein halv siger i det moderne Noreg, og maktar ikkje bera samlings- og rikstanken vidare.

I Noreg hev det alltid rasa ein stor kamp um det landseigne og det framande. Stridane millom jotnar og vener, æser og troll er rikt framdregne i historia vår.

Me såg seinast i haust koss den framande rikstanken storma fram og vilde vinna landet. Då var det samvitsrøysti let seg høyra, og kjærleiken til fedrelandet stogga oss so me ikkje let oss verta ein nasjon utan sjel og eigi framstemna.

Det kan vera mangt å seia um stoda åt den norske kyrkja i dag, og mykje vil bli sagt i året som kjem. Stoda er ikkje heilt god. Det verkar som kyrkja ikkje lenger fær folket i tale. Men det kan òg vera ei yverflatisk umdøming. Eg trur kristendomen er det som sit inst i den norske sjeli. Heilag Olav gjorde storverk: han rydda ut heidendomen ein gong for alle slik at kristentrui heng att som samvit i oss alle.

Problemi for kyrkja er dels ålmenne og ligg i den globale utviklingi, og dels sereigne og ligg i den nasjonale.

Eg trur det grunnleggjande problemet for kyrkja i det globale er at ho heng fast i ei konservativ uppfatning av eigen bodskap: Bibelen og forkynningi vert rekna for ei ferdig bok og ein ferdig bodskap.

Ein sers klok mann eg ein gong kjende, Jørgen Steen i Trondheim som skreiv ei gløymd bok um vondskapsproblemet, sa ein gong til meg: problemet er ikkje um kristendomen er sann, men um han blir det. Og me kan leggja til: um me gjer han sann.

Mitt mest grunnleggjande ankepunkt mot den norske kyrkja i dag, er at ho ikkje hev uppdaga sin eigen fridom.

Den norske kyrkja er ei heilt fri nasjonal kyrkje som står heilt fri for framand kyrkjeleg jurisdiksjon i teologiske og moralske spursmål. Sjølv er eg ambivalent til den lutherske arven som den norske kyrkja ber so sterkt og inderleg på.

Det er noko i lutherdomen som høver med norsk lynne og med den gamle



samfunnsdygdi i norrøn tid: religionen er eit samvitstilhøve, og Luther sette samvitet langt på veg fritt.

Men det er noko ved den lutherske arven som konstant gjev oss dårleg samvit. Det norske folket ber på dårleg samvit i høve til religionen.

Den norske kyrkja hev av fri vilje valt å kalla seg *folkekyrkje*. Men det hefter store problem ved dette. Ho må burt frå høgtidskyrkja: berre å møta upp ved dei store høgtidene.

Det andre serdraget som hev prega kyrkjedebatten, er den ålmenne demokratisering av folkelivet. Det ligg mykje i lutherdomen som talar for ei demokratisk kyrkje; han hevda det ålmenne prestedøme. Men den norske kyrkja strir millom autoritet, lydnad og frigjering.

Det er iser stoda til kvinna det gjeld. Eg er forundra av di ingen hev skyna kvifor det er slik strid um kvinna si rolle i norsk kyrkjeliv. Det kjem av di ho i sin teologi teier um plassen til Maria Møy i kristentrui.

Den gamle norske kyrkja var ei *Mariakyrkje*. Um dét vitnar kvadet *Lilja* frå seinmillomtidi.

Noko av det eg vonar for den norske kyrkja, er at Maria må koma att med den sterke framstemna åt kvinnone i kyrkjelivet. Her gjeng den norske kyrkja fyre i det praktiske, men heng att i teologien. Det eg fryktar mest av alt for kyrkja sitt tilhøve til folket, er at ho gjer oss til muhammedanarar og kjem med spursmålet um du trur på Gud der ho skulde spurt: trur du på Jesus.

Mest alle folkeslag trur på Gud i ei eller anna tyding. Men den kristne trui er likevel sereigi, av di ho set Kristus i brodden. Det er her det globale åtaket på kristentrui syner seg.

Eit nedslag av indre spaning i sjølve kristendomen i Noreg er den paulinske kristendomsformi hjå lekfolk på Vestlandet, og den meir vidsynte kristendomsformi åt dei som tek heile Bibelen med. Det hev utslag i presteutdaningi i Noreg. Det er mykje verdfullt med Menighetsfakultetet, men det er ei norsk paulinsk kristendomsform som ikkje gjev den fridomen som ei folkekyrkje treng.

Eg byrja med nasjonale spursmål. Kyrkja er ein instans som bind oss til globalt fellesskap. Ho er i eit millomstade millom det nasjonale og det globale. Noko av det mest verdfulle i norsk kyrkjetradisjon er misjonsarbeidet på framand mark. Med rette hev dette gjeve utsyn til verdi ikring oss hjå norske kristne.

Noreg er enno ein uferdig nasjon. Eg er millom dei som ynskjer å sjå ei aktiv norsk folkekyrkje som kan vera sameinande for oss som folk.

Kongen sa i nyårstalen i 1972 etter den fyrste upprivande EU-debatten: me er eit lite folk og må lyfta i flokk. Kyrkja skulde vera den sterkaste sameinande makt i folkelivet.

Men då må kyrkja i stor grad opna seg for folkelivet slik det er, og ikkje stå fram som ei dømande kyrkje. Det hev i grunnen aldri vore kyrkja si uppgåve.

Når den norske kyrkja enno er ei statskyrkje, ber det bod um at rikstanken er kyrkjeleg i Noreg. Det er arven frå dei gamle norske kongane.

Kyrkjeleg tid er ikkje verdsleg tid. Men eg tykkjer det er lett å sjå at Kyrkja vil vera der um tusen år òg.

Det eg vonar for den norske kyrkja er at ho må opna for det inste i den norske folkesjeli i sameining med den kristne bodskapen som er global og universell.

Målmøte på lærarhøgskulen

Fyrst i februar heldt Studentmålaget møte på lærarhøgskulen i Bergen. Professor Idar Stegane tala, og han minte um at fyrste mållaget på ein lærarskule kom i 1877. I dag hev ikkje alle som vert lærarar same ihugen for nynorsk. I ordskiftet var m.a. Aslak Bjorvatn, Hege Myklebust, Eli Bjørhusdal og formannen i Vestlandske Mållag, Lars Bjarne Marøy, med.

Ved det humanøkologiske samanbrotet

Av K. E. Steffens

Steinar Lem:
Den tause krigen mot de fattige og mot miljøet - og hva som må gjøres.
Forum 1994.

Steinar Lem er informasjonsleidar i *Framtiden i våre hender*, og i denne boka legg han fram synsmåtar som er endå meir radikale enn dei ein finn i *Folkevett*, bladet åt dette laget. Namnet på tidsskriftet byggjer på det synet at folk flest *kan* handla rasjonelt, og når dei berre vert opplyste og medvitne vil denne fornufta gjenomsyra kultur og samfunn slik at me fær ei økologisk betre verd.

Lem hev sétt at dette synet er naivt og ikkje held mål som grunnlag for ei ny og betre tid. Han er klår over kor sjølvdestruktivt og irrasjonelt mennesket er: «(...) mennesket er en skapning som stadig står i fare for å falle ned i barbari, hvis bare situasjonen innbyr til det» (s. 195). Men endå om han biletleg talar om ein krig mot miljøet og dei fatige og åtvarar mot greide og kostnadsfrie løysingar (s. 144), er det eit «bekymret håp» (s. 180) som sermerkjer boka.

Men denne vona er ikkje knytt til noko serskilt program, rørsle eller gruppe. Det gjer godt å lesa kor klårt og skarpt Lem syner veikskapen hjå alle slike kandidatar som trur dei hev den rette løysinga, og ikkje minst er kritikken hans av kvinnerørsla modig og råkande.

Når Lem likevel ikkje misser modet, kjem det av at han reknar med at vilje og evne til overleving vil verta mobiliserte når me stend andsynes trugsmålet om eit ålment humanøkologisk samanbrot. «Hvis noe skal redde oss, blir det det som truer oss. Hvis vi gjør det som må gjøres, blir det fordi vi må,» (s. 173).

Lem er ofte kompromisslaus når han vurderer liberalismen og kapitalismen, den økonomiske fylgjesveinen hans. I kapitlet «Fremtidssamfunnet» skriv han at det kan verta naudsynt å stoppa og forby vitskapleg arbeid som trugar den biologiske ordninga som hev vakse fram gjenom hundretals millionar år. Han gjer det klårt at eit økologisk normalisert samfunn vil føra med seg «forbud, tvang, reguleringer» (s. 188), og kan enddåtil segja at «Er det betingelsen for å være sikker på at tiden fortsetter, å sette oss tilbake til naturalhushold, måtte vi prøve på det» (s. 197).

Det eg saknar er eit menneskesyn, ein *antropologi* i filosofisk og teologisk tyding. Etter å ha studert religion, metafysikk og okkultisme hallar eg til det synet at mennesket er ein fallen eller åndeleg formyrkna skapning som treng både «nåde» og eigen innsats dersom det skal finna ein farande veg ut av det økologiske uføret. Nåden er det naturgjevne potensialet for eit høgre åndsliv tufta på fornuft, og i dette ligg det ei opning mot det suprarasjonelle til kjelde og garanti for moralen. Det er nektinga av eit slikt metafysisk perspektiv og den oppblåsne trua på menneskeleg autonomi og suverenitet som i dag gjev mennesket status som ein fallen og formyrkna skapning. Lem hev enno ikkje nått fram til Erik Dammans innsikt, som briljant er lagd fram i boka *Bak tid og rom* (1987). Rett nok dryfter han moral som ein viktig omskapande faktor, men moral utan eit metafysisk perspektiv eller eit åndeleg ankerfeste vert, når han skal tuftast på reint menneskelege premissar, lite anna enn eit akademisk vekstområde der det aular og kryr av subtile og sterile teoriar. Lem kjem ikkje inn på det store omskapande potensialet som ligg i den religiøse røynsla, men sjølvsagt må det vera *ein religiøsitet på økosofiske premissar*, og han ville ha mykje rett dersom han svara at ikkje nokon av dei etablerte religionane gjev store voner når ein ser dei i eit slikt ljos.

Likevel trur eg at dersom det er mogleg å finna løysingar på dei problema manneætta strir med, må dei byggja på ei naturleg religiøs eller «numinøs» skaparkraft som vert frigjord og styrkt av dei krisene som naudsynt fylgjer av det mislukka moderne prosjektet.

Kor som er, trass i eit og anna språkleg uttrykk som eg tykkjer er for «avslappa», hev Lem skrive ei ærleg og fengslande bok med synsmåtar som ofte er forunderleg like dei eg sjølv hyser. Men so er både Steinar Lem og eg ætlingar av Ludvig Lem, ein morbror av Ludvig Holberg!

K. E. Steffens

Aktivt i Aasen-sambandet

Roar Madsen i Ivar Aasen-sambandet fortel um frisk verksemd. Styret hadde nyleg telefonmøte, og det hev vore fleire møte i arbeidsutvalet i Nidaros. Det trengst betre økonomi og sentralt medlemsregister, og laget planlegg høgtiding av Aasen-året 1996. Det er god von um fleire Aasen-lag. Viktugt er samarbeidet med Vestmannen.

Jol i Sogn

Jolehefte var det mange av ei tid, men sume av dei tradisjonsrike hefti av det gamle slaget kjem ikkje lenger. Marknaden er vel ikkje so god som fyrr. Di gledelegare er det at sume av dei velkjende kjem. Eitt av dei er «Jol i Sogn», utgjevar Sogn og Fjordane Ungdomslag, og med same skriftstyrar som i alle 44 år: journalist Kåre H. Haugen på Hermansverk.

Joleheftet er allsidig, det hev verdfulle attersyn og det hev glyttar inn i vår eigi tid. Målarstykket av Hans Fredrik Dahl, av den unge gjenta med bundingen og med ambar på armen, syner oss òg ein bakgrunn av storfeld Sogna-natur, og på baksida er biletet frå interiøret i Gaupne gamle kyrkja, bygd i 1647. Av innhaldet må nemnast ei 100 års attersyn frå Høyanger, ved Odd Hjetland, ei attersyn um Vikadalen ungdomslag som òg er 100 år, og Arne-Ivar Kjerland tryllar fram eit 100-års minne um forfattaren og folkeminnesamlaren Thrond Sjursen Haukenæs, medan Oddrun Marie Dyrdal skriv stemningsfullt um husmannsplassen Skogane i Dyrdal. Og so er her novellor av Sigurd Kvåle, til minne um denne fine novellisten som døydde i 1962, og novelle av Tove Linderud. Og her er dikt av Magne Wergeland, og tilmed dikt etter sjølvaste kjendisen Gjest Baardsen. Tilmed fødestaden hans i «Sogndalsfjæren» er det bilete av.

L.J.

«Den norske kyrkja og ortodoksien»

I Vestmannen nr. 10, s. 5, er det skrive fylgjande: «Vi hadde ei livskraftig norsk kristendomsform som skapte verk som Geisli, Draumkvædet og Lilja i seinmillomalderen».

Dette er ikkje rett. Geisli er skriven av islendingen Einar Skuleson, og Lilja av Eystein Ásgrimson. Han var òg islending. Desse tvo skaldane er altså islendingar og ikkje nordmenn. Lat oss hugsa det, og ikkje rana til oss gods som ikkje er vårt.

Fem hundre års framandstyre hev diverre gjevi oss ei mindreverdskjensle som gjer at vi svært ofte pyntar oss med lånte fjør. (Leiv Eirikson var islending og grønlending, ikkje nordmann.)

Per Torhaug,
Hamar

Med målbøker i skreppa

Av Bjarne Rabben

Bygdesogeskrivaren og diktaren Bjarne Rabben frå Moldtustranda på Sunnmøre var på utferd og selde målbøker i Sogn i 1926, 19 år gamal. Han skreiv ei forvitneleg ferdaskildring som me prentar i Vestmannen. Skildringi tok til nr. 10/1994.

På hi sida

Eg stig i land på Farnes klokka 5 um morgonen. Ein hustren haustarmorgon. Kva skal eg trøyta tidi med til folk vaknar? Det vart lite svevn i natt. Skal eg taka til å ganga no, so kan eg snart sovna under skreppa. Eg lyt under tak. Kor ringt eit tak det so er. Eg fær høyra hjå ekspeditøren.

Nei, han hev ikkje rom, han hev so mange arbeidskarar nett no. Men det er høy i løda no, eg skal vera glad eg fær liggja der ei stund. Ja, det fær eg lov til.

Eg grev meg ned i høyet. Det er so mjuk ei lege. Her gjeng det å sova, skulde eg tru. Men det er ikkje so lett. Eg vert liggjande å tenkja på so mangt, og tankane er ikkje å få bukt med, so det vert lite svevn. Lid på, høyrer eg at folk tek til å arbeida. Klokka er umlag 8 då eg grev meg fram or høyet og tek skreppa på ryggen.

Den fyrste eg byd fram bøkene mine til, er læraren. Han kjøper litevetta. Eg gjeng vidare frå hus til hus.

I 3-tidi um ettermiddagen kjem eg att. Då er eg ferdig. Det er ikkje større bygdi.

Eg kjøpte for 50 øyrar i småmat hjå handelsmannen i morgon tidleg. No er eg svolten, og småmaten smakar godt. Eg set til livs heile greida.

Eg etlar meg yver fjorden til Torsnes. Handelsmannen fortel at der er skuleborn frå Torsnes som skal heimatt. Eg fær truleg fylgja deim. So reikar eg uppåt skulen. Borni hev friminutt, og læraren er ute og tek seg ein røyk. Han syg trottugt på pipa. Han kjem nedyver til meg og spør korleis det hev gjenge. Eg rister på hovudet. So spør eg um det er råd å få fylgja med skuleborni yver til Torsnes. Å jau då, det var det sagte. «Men du er svolten, du skal koma inn og få deg ein kaffikopp». Eg takkar og segjer at det er reint for mykje. «Berre kom no,» segjer han. «Men du lyt venta til eg er ferdig med siste timen.» Og eg kan sagte venta.

Han dreg meg med inn i stova, set meg på sofaen og gjev meg «Bønder og stat» å lesa i. So gjeng han inni skulestova att.

Eg kviler og les ein heil time, og deretter fær eg mat og heit, sterk kaffi. Tvo og ein halv kopp drakk eg, og koppen er på ein halv liter.



Eg er glad, fegen som eit barn. Nei, at ein skreppekar kan koma slik upp i det! Det er berre *ein* ting som er tregeleg, ja beint fram harmeleg. Det er at eg åt upp den 50-øyren, det var reint burtkasta. 50 øyrar beinveges tap. Sjølvsagt laut vanheppa vera ute.

Eg fær fylgja skuleborni yver fjorden. Det er so mild ein kveld og so fin ein fjord. Og det er so helsugt å få setja seg til årane og ro.

Eg spør meg fyre um det lét seg gjera å ganga frå Torsneset til Vetlefjorden. Jau, det gjeng då på eit vis. Der er ikkje veg, berre ei rås som krøteri gjeng etter. «Ja, er ho gangande for krøter, so er ho alltid god nok åt ein kræmar,» segjer eg og tek i veg.

Men eg lærer etter kvart at ein kræmar treng betre veg enn eit krøter. Det er deplut sume stader. Og steinane er sleipe, so rett som det er, glid eg uti søyla og vert våt. Og skreppa tyngjer. Når eg skal stiga på steinane, vil ho taka jamvekti frå meg. Ein gong er eg på nippen til å deisa på ryggen, ein annan gong held eg på og skal fara å gruve. Men so kviler eg samlar styrke til nytt vasp. Og so gjeng det då fram eit stig um gongen.

Det er skymt vorte då eg når til husar. Der ligg ein bondegard for seg sjølv. Han heiter Eiki. Ein storgard. Eg tel upp under 20 hus med smått og stort. Eg skynar ikkje kva alle dei husi skal brukast til.

Eg lyt høyra etter hus til natti. Her skulde det vera rom.

Eg kvider meg for å spyrja, likar det slett ikkje. Men det er ikkje onnor råd. Og so spør eg so tunt eg kan um det er råd å få tak yver hovudet i natt. Eg skal vera glad eg fær liggja i løda, segjer eg. Nei, i løda skal eg ikkje liggja. Det vert vel ei råd til seng. Men eg vil ikkje vera dykk til bry på nokon måte. Å, eg skal ikkje vera so smålåten, meiner dei.

So vert eg verande der i huset, sit i kjøkenet utetter kvelden. Der samlast gardsfolket, både dei gamle og dei unge. Gamle bestefar er dauv nokolite, so dei lyt ropa inn i øyra hans. Eg sit og lyder på røda. Og røda gjeng so lett og friskt. Det er so klingande eit mål.

Då eg byd kona betaling morgonen etter, skal ho sjølvsagt ikkje hava noko. Eg stikk til henne ei «Pilgrimsferd» til 70 øyrar. 70 øyrar for hus og mat , det er vel billeg nok, det, veit eg.

Folk tek potetor i Vetlefjorden òg. Det er so grust med desse maskinone no. Denne potet-takaren er eit reint vedunder. Tvo hestar dreg honom, og so flekkjer han upp fòri og føykjer mold og potetor burtyver åkeren so ròket stend. Potetone vert liggjande *berre* burtetter åkeren. Det er berre å pitla deim upp, og det gjeng kvikt. Ja, det er skire trollskapen, skynar du, men ein velsigna trollskap for deim som hev mykje å fara yver.

Men det er *det*, ser du, at folk hev ikkje tid å kjøpa bøker her heller. So vert eg gangande her og dalka etter dalen og er både leid og lasen og lite glad. Men pytt! Eg hev ingenting å å stura for heller. Var det likt! Her fær eg fara og sjå all den rike natur, alle digre fjell og alle skogklædde lider. Det er nytt land. Det er ikkje dei berrskava bergi utpå øyane. Det er vide engjer, fruktnæm jord, lavande hagar - ja, det er so fagert alt saman. Øyane og snaudbergi der er grå og arme. Men hysj! Øyane og snaudbergi speglar seg i sjøen i stille haustardagen, og ytst ute i havblånen hildrar homane, og mot kveld legg soli ròde iinnyver havet - -. Nei, det er *der* det er fagert. Det er *der*.

Folk er hygelege å tala med. Dei hev so godt lag til å røda. Og det strøymer sælt igjenom meg, eg kjenner meg so glad: Dette folket og folket mitt heime, det er eitt, eitt og det same, runne av same rot, lever i same tru og same tvil, hev same mål og same sed, hev same sorg og same fagnad. Hundrad fjell ligg imillom, men fjelli skil ikkje, dei bind saman.

I middagstidi kjem eg inn på ein gard, der folket sit og et. Då dei gjeng frå bordet, bed kona meg åt, um eg ikkje vil forsmå, «det er av same maten». Og eg fær

Til s. 9

middag her på denne garden, her eg er ein framand og til og med ein kræmar. Jau, det er som dei segjer at ein finn beste folket i einstaka grender. Aldri skal eg gløyma denne kona.

I Fjærland

Skreppeferdi skulde vara i 14 dagar i alt. Og, som sagt, eg ynskjer stundom at ferdi var enda. Men det gjeng no ein dag um senn, og i dag er det laurdag. Det høyrest kan henda rart ut at eg ynskjer ferdi slutt, men eg trivst so lite millom framande folk. Det er ukjende andlit kvar eg snur meg. Augo finn liksom ikkje feste nokon stad.

Fjærland. Atter eit stykke nytt land, nytt og fagert.

Eg tek vegen framyver til ei liti grend som heiter Skarestad. Eg er på eit vis kjend med ein huslyd der, og der skal eg vera med helgi.

Det er laurdag ettermiddag. Eg hev fenge middag, og so tek eg nokre bøker under armen og skal ut og freista gjera eitkvart. Men det vert ikkje rart arbeidet. Eg fær greida på at det er ein stror brede lengst frami dalen, Bøyumsbreden, ein arm av den digre Jostedalsbreden. Den ishaugen lyt eg sjå. Eg spør ein mann kor lang tid eg treng umlag. Å, han trur eg skal greida mykje på ein halv time. Ja, gjeng eg snøgt, so skal eg greida det på den tidi. Rekna eg med halvannan time båe vegane, so hadde eg romsleg tid.

So gjekk eg. Men eg laut ganga både ein halv og ein heil time, og endå var det ein stubbe att. «Han må vera ein struss til å ganga, den gamlingen,» segjer eg for meg sjølv. Men eg gjeng no berre og smårutlar, so det er rimeleg at eg treng lang tid. Dessutan er fotverket so skralt at det vert ikkje mykje med meg. Ja, skam å segja, føtene er reint meiningslause. Gjeng eg på deim ei stund, so er dei fram i og vil gjera streik. Difor gjeng det seint med meg. Motebakke er det òg, so *det* gjer sitt. Men eg kjem no fram ein gong. Og det er eit ageleg istroll, denne breden. Han er grå av sand, men ein ser då at grunnliten er kvit, og i sprungone skin det blått og glansar det grønt. Ut or ein grønblank kvelving fossar elvi, ho er grøn som isen ho renn or.

Eg vert sitjande å skoda på denne ishaug. Det er ei minning um den tidi då isen låg yver alt. Og høgt uppe ligg storbreden med skard og tindar og kuplar. Med eitt høyrer eg eit dyn, og sjå der! der rasar breden ut. Eit digert stykke velter ned. Og dunderet dansar millom fjelli.

Eg er reint ør av synet. Detta var grust! Detta skulde eg gjerne set ein gong til. Men eg fær ikkje sjå det meir.

Nedatt i dalen komen høyrer eg dyn frami botnen. No rasa det ut på nytt der framme. Eit bil etter høyrest det dyn att, større enn dei andre. Det måtte vera eit stort ras. - Og dunderet dansar millom fjelli.

Sundag er det preike i kyrkja - og konfirmasjon. Eg gjeng åt kyrkja. Men det er so underleg. Alle andlit er framande. Eg ser dei helsar på einannan, handhelsar nett som me brukar det heime. Og dei røder, fretter nytt og fortel nytt. Frendar finst. Men eg høyrer ikkje til her. Eg berre ser på.

Det er mykje folk med kyrkja ein slik dag, heile dalen. Dei skal gjera ære på dei unge, som skal taka stiget ut or barnetidi. Folk er forvitne òg. Dei vil gjerne høyra kor dei unge greider seg på golvet.

Eg tykkjer kvinnfolki er so vitugt klædde. Det ligg so avleides her, må vita, at folk hev ikkje fenge kultur-trollskurden i auga. Konone ber kvite hovudplogg. Det er so høtidsamt å sjå alle kvite hovud.Det legg helgardåm yver lyden.

No ringjer klokka. Klangen minner um kyrkjeklokka heime. Ho òg hev so djup og ven ein klang. Eg veit ikkje venare klokkeljod.

Folk strøymer inn. Kyrkja er for liti i dag. Mange lyt stå.

Salmenummeri på dei svarte tavlone fram med koret gjer meg so glad. Dei er uppi 700-talet alle saman, og då er det Blix-salmar. Men so kjem klokkaren og tek tavlone ned. Undrast på kva han hengjer uppatt, tenkjer eg. Men denne gongen er det berre tvo-tri som er uppe i 700-talet. Me slepp sjå etter slikt når me fær i bruk vår eigi salmebok. Der kan nummeri vera radt nedi 1, det er norsk alt då. Men det vert gjerne eit id enno fyrr den norske salmesongen tonar rein under alle kyrkjekvelv.

Folk er so rare. Det må eg ofte segja når eg høyrer korleis folk tenkjer og talar um salmebok-spursmålet. Eg hadde med meg nokre av den nynorske salmeboki og baud dei fram. Mange var forvitne: Er dette den nye salmeboki? Men det var ikkje turvande å kjøpa henne. «Ho er ikkje innført her.» Det er det de sjølve som skal avgjera, meinte eg. Det vert det røysting um, og ein må kjenna til det ein skal røysta um. «Ja, ja, du hev rett soleis, men det det lyt no vera no.» Sume meinte at me greider oss med den me hev. - Ein gong må folket vårt verta vakse og syngja med eigne ord. Å nordmennn, dryg ikkje! Lat oss syngja Herren vår song med eigne ord alt no!

Presten er komen på stolen. Han talar um kviledagen, um helgi. Fyre preika song lyden: «Gud gjerer godt på kviledagen». Og det var slik kvild i tonen. «Me skal på Herrens dag vel kvila». Og no talar presten um kvild og høgtid.

Men er det ikkje - - jau, der er eit kjent andlit burt med døri. Eller mistek eg meg? Eg spør honom som sit attmed meg kven det er som stend burt med døri i den grå frakken. «Det er 'an Øygard,» svarar han. Det er som eg tenkte. Eg er so fegen ved å sjå eit kjent menneske millom alle framande. Eirik Øygard hev nett no gjenge frå skrivarposten i Sunnmøre frilynde ungdomssamlag, og då eg er formann i ungdomssamlaget heime, kjenner eg nok den karen.

Etter preika gjeng eg og helsar på honom. Eg vil fyrst sjå um han kjenner meg att. Han ventar nok ikkje å sjå ein sunnmøøring her. Nei, han veit ikkje rett - han tykkjer han hev set meg fyrr, men. So fortel eg kven eg er. «Nei, er det du!» Han tek meg i handi. Og so skal eg vera med honom heim til middag. Han stod nett og såg på ei grav då eg kom, og han fortel meg at det er syster hans som kviler der, ho var ung, reint for ung -. «Me skal på Herrens dag vel kvila», tonar det atter for meg. «Ho døydde no i vår.» segjer han.

Han bur langt til dals, Øygard. Dei køyrer. Det er mange som køyrer. Folket her er vél utrusta med køyregogner. Dei veit av å køyra turistane um sumaren, må vita. Når turistane kjem, skal dei fram til breden. Og då er det ei skreid på fram i eit hundrad hestar. Eg fær setja meg upp i ei stor firhjula vogn. Slik skjuss hev eg ikkje havt fyrr. Og eg kjenner meg ikkje lite byrg der eg sit. No skulde de, grannegutar, set meg! Eg kjem ikkje i hug at eg er berre ein skreppekar.

Øygarden ligg langt fram i Suphelledalen. Fjelli ris trolldigre på båe sidor. Her er trongt. Og her òg ligg det ein ishaug framme i botnen.

(Meir)

Listamål og vossamål

I siste 1994-nummeret av «Nytt om namn» melder BH (Botolv Helleland) tvo nye målførebøker. Den eine er skrivi av Njål Vere, *Listamål. Grammatikk, ordbok, stadnamn og folkeminne.* Han byggjer på samlingane etter far sin, Abraham Vere, og gjev ut boki på eige forlag. Det er eit storverk. Band I kom for eit par år sidan, og eit tridje band er ventande. Samla vert dette verket truleg den største bygdeordboki i landet (BH). Den nye boki er på 363 sidor, inneheld bilete, og kostar 300 kronor. Du fær boki gjenom Sparebanken Sør, 4560 Vanse.

Den andre boki er *Vossamål i ord og vendingar*. Ho er skrivi av Eirik Røthe som hev samla meir enn 5000 ord frå vossamålet og hev råkande døme på bruken av dei. Røthe hev tidlegare sendt ut ei samling på 1500 ord *(Gamalt frå Voss X*, 1978), og han laga ei rad teikningar til den nye boki. «Ein tilvokster til kunnskapen om vossamålet og om norsk mål i det heile», skriv BH. Boki kann tingast frå Eirik Røthe, 5700 Voss.

Forogh Farokhzad

Av Arne Horge

Forogh Farokhzad vart fødd i 1935 i storbyen Teheran, hovudstaden i Iran. Då ho var ferdig med gymnaset, tok ho til på kunstakademiet, og samstundes skreiv ho dei fyrste dikti sine.

Ho vart gift då ho var berre sekstan år, med ein karikaturteiknar, og fekk eit barn med honom, men dei gjekk frå kvarandre etter berre eit år. Resten av livet brukte ho til å setja ord på kjenslone sine, på meiningane sine og det ho trudde på. Og ho var berre attan år då ho gav ut fyrste diktsamlingi si, «Fangenskap».

I 1958 kom diktsamlingi «Veggen», og i 1960 «Uppreist». I desse åri vart ho ogso kjend med andre forfattarar, millom dei var lyrikarane Ahmad Shamlu og Nima Joshidsj. Skriverøynsle og og nye venskap gjorde at Forogh Farokhzad vart ein rikare diktar.

I hugen sin fann ho emne til nye dikt, og i 1963 gav ho ut «Den andre fødselen». Men Forogh Farokhzad døydde i ei bilulukke i 1967, og den siste diktsamlingi hennar kom ut etter at ho sjølv var burte: «Me må ikkje tru på byrjingi av den kalde årstidi».

Ved sida av å skrive dikt hadde Forogh Farokhzad rollor i fleire filmar, dei mest kjende filmane er «Ein eld» og «Det svarte huset». For dette arbeidet fekk ho filmpris både i Italia og i det som då var Vest-Tyskland.

På nytt skal eg helse soli

Av Forogh Farokhzad

På nytt skal eg helse soli
helse kjelda som sprang inni meg,
helse skyene som var mine inste tankar,
helse den mødesame voksteren i kvitpoppelhagen som er i lag med meg
på ferdi frå dei turre årstidene,
helse kråkeflokkane, dei
kjem med kveldsstilla
som ei gåve til meg,
helse mor mi som budde i spegelen
og synte meg min eigen alderdom,
og helse jordi, at måtte min hug i den endelause rekkja fylle den ventande og kvilelause jordi
med ferske frø - på nytt skal eg helse.

Eg kjem, eg kjem, eg kjem
med flettone mine: angen frå jordi held fram i dei,
med augo mine: dei eig upplevingar frå svarte næter,
med kvistane som eg braut i lundane på hi sida av muren,
eg kjem, eg kjem, eg kjem,
og inngonga vil verta fyld med kjærleik,
og eg er i inngonga til dei som elskar,
og ei ung kvinne som bider
i inngonga som er full av kjærleik, på nytt skal eg helse.

*Umsett frå persisk av **Fariborz Korki***
*og **Arne Horge***

På originalmålet.

به آفتاب سلامی دوباره خواهم داد

به‌آفتاب سلامی دوباره خواهم داد

به‌آفتاب سلامی دوباره خواهم داد
به‌جویبار که در من جاری بود
بدابرها که فکرهای طویلم بودند
به‌رشد دردناك سپیدارهای باغ که با منْ
از فصل‌های خشك گذر میکردند
به دسته‌های کلاغان
که عطر مزرعه‌های شبانه را
برای من به‌هدیه میآوردند

به مادرم که در آئینه زندگی میکرد
و شکل پیری من بود
و به زمین ، که شهوت تکرار من ، درون ملتهبش را
از تخمه‌های سبز میانباشت ــ سلامی، دوباره خواهم داد

میآیم ، میآیم ، میآیم
با گیسویم : ادامهٔ بوهای زیر خاك
با چشمهام : تجربه‌های غلیظ تاریکی
با بوته‌ها که چیده‌ام از بیشه‌های آنسوی دیوار
میآیم ، میآیم ، میآیم
و آستانه پر از عشق میشود
و من در آستانه به آنها که دوست میدارند
و دختری که هنوز آنجا،
در آستانهٔ پرعشق ایستاده، سلامی دوباره خواهم داد

Standardspråk og dialekt

Av Lars Bjarne Marøy, formann i Vestlandske Mållag

I 1991 og 1992 hadde Bergens Riksmålsforening og Det Norske Akademi for Sprog og Litteratur tvo seminar um standardmål og dialektar. Dei fyredragi som vart haldne, vart prenta i ei bok som Vestmannen ikkje hev havt høve til å kommentera fyrr.

Seminaret i1991 umfatta 6 ulike språk. Innbedne fagfilologar innanfor dansk, engelsk, tysk, fransk, polsk og russisk tok del i seminaret. Dessutan heldt Dagfinn Føllesdal eit fyredrag der han filosofera umkring språknormering og standardspråk. Alle fyredragi hev usedvanleg høg fagkvalitet. Den raude tråden i fyredragi må segjast å vera å underbyggja at standardtalemålet stend sterkt innanfor dei einskilde språksamfundi. Men det vert ikkje dult at det finst fleire språkvariantar innanfor dei ulike språki. Kvart språk hev si soga og sine karakteristika. Engelsk og fransk er kolonispråk som vert snakka mange stader i verdi. Dersom ein gjer endringar i slike språk, kann det få store fylgjor. Det tyske språksamfundet umfattar tvo andre europeiske land, nemleg Sveits og Austerrike. I Sveits hev dei opna upp for ein dialektvariant av tysk, medan det tyske standardmålet tykkjest å stå seg godt i Tyskland.

Russland hev havt sterk påverknad frå andre språk både i millomalderen og på 1800-talet. I millomalderen hadde innverknaden frå kyrkjeslavisk mykje å segja. På 1800-talet var det franske målet eit leidande mål innanfor tonegjevande krinsar i Russland. Det polske målet er serprega av at dialektane stort sétt vert sette til sides. Standardmålet hev ei sterk stoda. Det danske målet hev vorte svært einkyndt i nyare tid. Det er mest berre regionalmål som stend att, medan dialektane langt på veg er utdøydde. Dansken skil mykje millom tale og skrift. Det danske talemålet samsvarar lite med dansk ortografi, difor er det vanskeleg å forstå danskane, utan å setja seg inn i måten dei uttalar ordi på.

Helge Nordahl som heldt fyredrag um det franske målet, kjem inn på rettskrivingsendringar. Han nemner at franskmennene hissar seg sers mykje upp når det vert snakk um å endra rettskrivingar. Ei rettskkrivingsendring, som kjem frå offisielt hald, kan aldri påreknast å verta godteki, med mindre ho kallar seg tilråding, og jamvel då kann det verta vanskeleg nok. I Frankrike kann dei føra årelange ordskifte um ortografiske skrivebrigde som vilde vera heilt kurante i Noreg. Mange hev hevda at kritikken mot samnorskpolitikken hev vore yverdramatisera, men i Frankrike hev dei slege endå meir på stortromma for minimale rettskrivingsbrigde (s. 93). Det er eit tankevekkjande motiv å taka med seg inn i det norske målordskiftet, meiner artikkelforfattaren.

Forfattaren av den same artikkellen hev ein annan tankekross å føre til torgs (s. 96). Han peikar på det norske ordskiftet der det vert sett upp ein motsetnad millom umgrepsparet *dynamisk* og *statisk*. Dei som vil endra språket i samnorsk leid, peikar på at språket utviklar seg og at språket skal vera dynamisk. Det statiske elementet i språket vert sétt på som noko negativt. Men det er vel heller slik at språket er konstant. Det berande systemet i språket vert førd vidare, og må førast vidare, dersom språket skal haldast uppe til eit tenleg kommunikasjonssystem.

På det andre seminaret stod den norske målstoda i fokus. Me fær ein målsogegjenomgang. Dei andre fyredragi rettar seg grovt sétt inn mot tilhøvet millom normalmål og dialekt. Diskusjonane etter kvart fyredrag er attgjevne, og dei vert svært umfattande og engasjerte under dette seminaret. Serleg upplysande er artikkelen til Tor Guttu um «Bestemmelser om bruk av standardsprog og dialekt i det offentlige». Han femnar um eit vidt spekter av målpolitiske problemfelt, og gjev oss eit mangslunge bilete av tilhøvet millom normalmål og dialekt i norsk målstoda.

Men endå um dette er ei lærerik bok å lesa, er det mange provoserande påstandar i boki. Forfattarane tek ikkje alltid nok umsyn til den innfløkte målstoda. Finn Erik Vinje hevdar t.d. at det målet som ikkje vert godteke i Oslo med umland, hev små sjansar for å verta eit sams riksmål (s. 219). Ein slik påstand kann lett snuast på hovudet: det målet som ikkje vert godteke i resten av landet, hev òg småe sjansar for å verta sams riksmål. Det er dessutan eit interessant poeng at det er sjølve austlandsmålet som folk freistar å etterlikna i resten av landet, ikkje den norskdanske talemålsnormi. At den norskdanske talemålsnormi hev høg prestisje, er noko anna. Det er t.d. uakseptabelt for dei fleste utanfor austlandsområdet å lesa norskdansken med austlandsk stavingstone/talemelodi, med mindre ein ynskjer å imitera ein austlandsk lesemåte.

Standardspråk og dialekt
Red. Tor Guttu
Oslo/Bergen 1993
276 sidor
(Ikkje i vanleg sal).

Trygve Nordang er død

Forlagssjefen og forfattaren Trygve Nordanger, Bergen, er død. Det er ein bodskap som vekkjer sorg hjå mange som kjende denne idérike forlagsmannen og fine publisisten.

Trygve Nordanger var stril, han kom frå Nordhordland der far hans var ein velkjend lærar. Medan Trygve Nordanger gjekk inn i forlagsyrket, vart bror hans, Bjørgmund Nordanger, lærar og skulestyrar. Denne broren fall burt tidlegare i 1994, no var det brått slutt for Trygve Nordanger òg. Han vart riven burt midt i sin annsame arbeidsdag.

Det er eit kapittel i bergensk forlagssoga som er slutt med Trygve Nordanger. I ei årrekkja etter krigen var han forlagssjef i J. W. Eides Forlag i Bergen. Han gjorde forlaget til ein kulturverkstad, og i sterk kamp med dei store Oslo-forlagi gav han ut reise- og faglitteratur som kom i store upplag. Standardverket «Havet og våre fiskarar» med biletstoff frå livet i havdjupet er eit einestående verk.

Han var sterkt uppteken av havet, og då han ifrå midt i 1960-åri skipa sitt eige forlag, Nordanger Forlag, gav han ut årvisse fagbøker med datastoff for alle som ferdast i båt, på fiske og på ferieturar. Og han skreiv sjølv bøkene «Lang kyst» og «Full storm» med skildringar frå dramatiske år i norsk skipsfart. Saman med kona Adley var han på tvo jordumseglingar, og han skreiv bøker frå dei ferdene.

Eit serkjenne ved Trygve Nordanger var hans fine lyriske åre. Han skreiv fullkomne vers som han gjerne sende til venene sine til jol, og han var ein meister i å finna høvelege fyndord. Dertil var bøker og hefte ifrå hans forlag alltid veltilbudde, ja, dei var ei frygd både for utsjånaden og innhaldet. Den fine humoren hans lyste ofte upp i lyd og lag.

I mange år hadde han heimen sin i Starefossen på Fjellsida, med godt utsyn yver Bergen, den byen som fekk det meste av hans arbeidskraft, og på hytta si, «Notavadlo» i Os, hadde han sin fristad. Trygve Nordanger var ein av deim som lever vidare i sine verk.

Ludv. Jerdal

Målskeidi i Bjørgvin i 30-åri

Av Lars Bjarne Marøy, formann i Vestlandske Mållag

1930-åri var ei god tid for nynorsken. Me veit at Indrebø-saki vart eit nederlag. Indrebø vart straffa, men det førde til at målspursmålet kom på dagsetelen på ein ny måte. I samband med Indrebø-saki skipa Vestlandske Målkontor til målskule for offentleg tilsette og for næringslivsfolk. Andreas Barsnes skriv um dette tiltaket i 50-årsboki for Bondeungdomslaget Ervingen, sjå s. 128 og utyver i *Bondeungdomslaget Ervingen 1900-1950*. Barsnes fortel at mange tenestemenn kom etter påbod frå sjefen. «Det er Deres plikt å kunne landsmål», hadde sjefen på eit kontor sagt, «- - - og slege staven i bordet». Men mange må ha vorte nyfikne på målet, og dei «kom av eigen hug». Dei som var med, var bladfolk, skodespelarar, kontorfolk, juristar, høge sivile og militære embetsmenn.

Kursi var på tvo timar kvar vika i 3 månader. Målskeidi byrja i 1928, og uppslutnaden auka jamt og trutt. Fyrste året var det berre 10 stykkje som melde seg. Andre året var det 40. I 1934 var det 115, og året etter var det 117. I 1934 var året for Indrebø-saki. Inger Indrebø Eidissen fortel: «Det var mykje avisskriving, både fyre og etter rettssaki. Og medan saki stod på, var serleg Bergens-bladi fulle av upprit, mykje som fyrstesidestoff.» (*Gustav Indrebø - ei livsskildring*, 1993, s. 77). På s. 76 i same boki set Inger Indrebø Eidissen upp dei fyrelogone Indrebø hadde med rettssaki. Ei av fyrelogone var: «Å segja frå um den skyldnaden embetsstandet hev til å fylgja norsk mållov.» På det punktet let det til at delar av embetsstandet hev brigda haldning. Men det let til at mange andre hev vorte merksame på målet òg. I den tid var det folk som knapt hadde lese nynorsk. Dei eldste embetsmennene hadde ikkje eingong fenge upplæring i målet på skulen. Men det store fleirtalet var nok avvisande og likesæle. Uppslutnaden um målskeidi fungera for ein stor del gjenom jungeltelegrafen. Dei som hadde vore med på kurset i tidlegare år, snakka um dei og spreidde upplysningar um kurset til andre.

Det var målskeid for gymnaselevar òg. «Fleire gymnasiastar sa at på skulen fekk dei liksom ikkje tak i det, det vart so vrident, og dei fekk ikkje tak i faste reglar.» Ein gymnasiast sa etter ein time: «De skulde ikke være lærere i landsmål andre enn dem som er glad i det», og han fortalde korleis dei dreiv det i timane på skulen (s.134).

Det er grunn til å merka seg den ovringi som målskeidet var. Lærarane var høgnorskmenn. Det var Anders Bergo, Andreas Barsnes og Einar Tvinnereim. Det er verdt å leggja seg på hjarta kva som hende med skeidet etter at den nye 1938-rettskrivingi kom: «Då den nye rettskrivingi kom, minka søknaden til til målskeidi. No kunde dei mest skriva som dei vilde, var det ein som sa.» Skeidi vara i 12 år. I 1940 var det slutt. Skeidi hev ikkje kome i gang att seinare.

Ein kann gjera seg ymse tankar um framgangsmåten til samnorsktilhengjarane når me veit kva reaksjonar som skulde koma frå norskdansk hald. I 1930-åri visste ein i alle fall kva striden stod um. Slik tiltak som målskulen skapa ein godhug andsynes målrørsla som kunde ha vorte til umåteleg stor bate, dersom samnorsktilhengjarane ikkje hadde gjeve jamstellingstanken på båten gjenom samnorskpolitikken. Då som no finst det berre ein veg frametter. Den vegen er å auka kunnskapen um norsk mål. Det er fåfengd å slå seg til ro med at bokmål med sume breide dialektformer er betre enn det norskdanske skriftmålet med smalare dialektformer. Folk må læra nynorsk, og serleg dei som er offentleg tilsette. Kor vidt målrørsla vil få høve til å reisa nye store skeid for denne målgruppa, vil framtidi visa.

mål og makt

* Mål og Makt er tidsskriftet åt Studentmållaget i Oslo
* Mål og Makt er det leiande målteoretiske tidsskriftet i målrørsla
* Mål og Makt kjem med 4 nummer i året og kostar 90,- kr i 1995
* Nr 4/94 har kome:

Språk, identitet, nasjonalitet og EU.

Harald Berntsen, Thomas Hylland Eriksen, Kåre Lunden, og Øyvind Østerud om **nasjonal og europeisk identitet.**
Gunvor Lande, Olav Randen og Kjell Venås om **språk og EU.**

- ❑ Send meg M&M nr. 1-2/94 **A.O. Vinje 176 år,** 40, -
- ❑ Send meg M&M nr. 3/94 **Terminologi, Talemålsutvikling, Trøndsk målreising,** 25,-
- ❑ Send meg M&M nr. 4/94 **Språk, identitet, nasjonalitet og EU,** 25,-
- ❑ Eg tingar 1995-årgangen for 90 kr.

NAMN:______

ADRESSE:______

POSTNR:______ STAD:______

Send åt: Mål og Makt, Nordahl Bruns gt. 22, 0165 Oslo
Tlf: 22 36 40 43 Faks: 22 36 40 68

Dag og Tid

Ivar Aasen-sambandet

Ivar Aasen-sambandet legg hovudvekt på måldyrking og målrøkt. Sambandet krev fulle rettar for nynorsk i Noreg, og innanfor nynorsken krev me fulle rettar for høgnorsk og i-mål som Ivar Aasen alltid heldt på.

Sambandet tevlar ikkje med resten av norsk målrørsla, men hev ei sergjerning i rørsla. I Sambandet kan både lag og einskildlemer vera med, og me ser gjerne at du er med både i lokale mållag og beinveges i Ivar Aasen-sambandet. Meld deg inn!

Årspengar for beinveges innmelde kr. 50,-.

Innmelding til kassastyraren:
Ivar Aasen-sambandet v/Torolv Hustad
Elvenesvegen 10 C
5050 Nesttun

Postgiro 0814 20 27 209

Or kjeldone:

«Læreboknemndi er ei underleg nemnd»

Segjer professor Indrebø i ein samtale um arbeidet med den nye grammatikken

Denne samtala med Gustav Indrebø stod i Gula Tidend den 19/3-1940, snaude 3 vekor fyrr Nazi-Tyskland hersette Noreg. Me fær eit forvitneleg bilete av åndi og framgangsmåten til dei språklege makthavarane, dei målreformistiske samnorskstridsmennene. Den vesle i-målsgrammatikken det er tale um, kom i fleire utgåvor og eksistera på eit vis i skulen, meir og mindre uglesedd og mismætt, fram til 1960 då departementet og Helge Sivertsen sette bom (sjå Inger Indrebø Eidissen: «Gustav Indrebø - ei livsskildring», s. 235). «Læreboknemndi» som me høyrer um er den offentleg rådgjevande godkjenningsinstans for lærebøker.

Endeleg hev «Norsk Grammatikk» av Gustav Indrebø kome i handelen. Boki vart meld i Gula Tidend av kand. mag. Hjørdis Johannesen. Me hev tala med professoren um korleis det kunde ha seg at boki kjem fyrst no. Var ho ikkje nemnd til autorisasjon tidleg i fjoråret?

- Jau, det tok 10.1/2 månad å få godkjenning, endå boki er berre 32 sidor.

- Årsaki?

- Me hev noko som heiter læreboknemndi. Ei nemnd som skal gjeva Kyrkjedepartementet råd i rettskrivingssaker og gå igjenom lærebøker. Den nemndi fer underleg åt. Fyrst freista ho å sabotera burt den lovnaden som departementet gav i fjor haust um at me skulde få i-målsbøker i morsmål. Då ikkje det lukkast, trænera ho saki so lenge ho kunde, so ho skulde få sett kniven på strupen åt i-målsskulane. Der er folk i læreboknemndi som vert fyllte av vondskap so snart dei høyrer i-mål og Aasen-mål nemna.

- Er det nemndi som rår då?

- Eg vil segja at eg tykkjer læreboknemndi er ei underleg nemnd! Eg trur at dersom lærarar og skulestyre visste meir korleis det er, so vilde dei reagera.

Nemndi skal gå igjenom nynorske skulebøker, men det finst ikkje ein mann i nemndi som er i nynorsk skule, eller hev noko med nynorsk folkeskule å gjera. Eg var so djerv ein gong å segja at ein lyt taka pedagogiske umsyn til i-målsskulane og. Ein av nemndmennene svara: «Eg vil ikkje taka pedagogiske umsyn!» Når det gjeld skular langt ute i bygdene, og bygder som hev sjølvstendig norsk syn og vilje, er det fort gjort at det er godt nok, tykkjer visst dei som sit bak departementet og råder for lærebøkene.

- Nemndi skulde vel representera vitskapen?

- Eg må diverre svara so at nemndi - i minsto ein nemndmann - freistar å bruka stillingi si til å øva sensur mot vitskapleg sanning som ho mislikar. Eg hadde teke med i boki nokre faktiske upplysningar um bygdemåli. Sume av desse upplysningane synte at der er organisk samanheng millom i-målet og bygdemåli. Dei upplysningane strauk ein nemndmann systematisk! Eg laut appellera til kyrkjedepartementet for at eg skulde få lov å taka med den skire sanningi i ei offisiell lærebok. - På hi sida sette læreboknemndi på eigi hand ein grov positiv feil inn i boki på eit punkt. So vidt eg skynar gjorde ho det fordi det klikka med kunnskapen hjå nemnd-mennene. Eg søkte departementet um å få sleppa taka med feilen. Etter avgjerdsmaktene hadde rådlagt i halvannan månad, fekk eg brev um at eg kunde få sleppa taka feilen med. Men eg er stygt redd for at han kjem inn att i andre nynorske grammatikkar. For «prinsipalt» burde feilen stå i nynorsk grammatikk, skreiv nemndi til departementet.

- De hev ikkje mykje tru på denne nemndi?

- Nemndmennene er dugande menn på sine umkverve. Men formannen, riksprogramsjef Midttun, er fullt uppteken med anna arbeid. Og dei andre hev so lite fagleg kunnskap i språklege saker, og dertil so lite av den ålment sympatiske innstilling som ein god og samvitsfull rådgjevar for det offentlege skal ha, at denne nemndi etter mitt umdøme er uskikka for gjerningi si. Det er no rart og: For bokmålet er den habilaste fagmannen som bokmålet eig, professor Seip, sett til rådgjevar. Eg er ikkje samd med han i alt, det skil seg mykje på! Men ein fyrsterangs fagmann er han, det skal ingen nekta. For nynorsk vel departementet derimot til rådgjevarar anten folk som ikkje hev tid til å bala med mål og lærebøker, eller folk som ingen fagleg autoritet hev. Verkelege fagmenn vert haldne utanfor der, t.d. professor Sigurd Kolslrud og rektor Leif Heggstad.

- Vert denne boki den einaste læreboki på i-mål som kjem?

- Nei, no er muren broten, so no kjem det fleire. Men det er ikkje den nynorske læreboknemndi å takka at det kom so langt.

Men det gjekk ikkje so bra som Gustav Indrebø trudde den 19. mars i 1940. Månaden etter kom ufred og hersetjing, og mangt vart umsnutt. Etter ufreden var Indrebø burte, eit lagnadstungt tap, og målblandarane dreiv spelet sitt verre enn fyre krigen.

DAG OG TID
Pilestredet 8
0180 Oslo
Telefon:
22 33 00 97
Telefaks:
22 41 42 10

Verdas einaste riksavis på nynorsk!

Partipolitisk ubunden vekeavis med brei kulturdekking og fingeren i jorda.

Or Tuftekallen 19. janur 1995:

Mot eit nytt tusundår

Av Sveinung Ones

Um fem år merkjer me brevi våre, avisone og dokumenti med årstalet 2000. For nokre dagar sidan rak me yver frå 1994 til 1995, og det er alt 1000 år sidan Olav Trygvason landa på Moster med fylkingi si, fekk kongsnamn og let byggja ei kyrkja der for den «nye» Gud og sonen hans, Kvite Krist. Og for 50 år sidan lagde tysken ned våpni sine i Noreg og resten av Europa.

So heiter det seg at um 100 år er alt gløymt. Det er sant, og det er ei lygn. Um hundrad år er det so at på eitt vis er alle personlege minne lagde under torvi med deim som upplevde det. Men upplevingar kan òg leva vidare i hovud. Soleis er det at me kan «hugsa» i både hundrad år og tusund år.

Kyrkjone er millom minnebøkene våre. Gjeng du yver dei vindskeive plankegolvi, lyder du til deim som hev vore her fyrr. Du ser deim, fedrane, mødrene, fatigfolket, dei kaute, dei rike. Du høyrer atterljom av salmesong og preikor i tak og veggjer, orgeltonane ligg under kvelven i prektige domar, du ser dei lute ryggar og skabbete skinn i fatigkyrkjone.

Ingen gjeng gjenom livet utan å setja far etter seg. Alle set sin dåm på natur, bygningar, ting, andre menneske. Vår vandring gjenom livet vert, trur eg, teki upp på ein usynleg filmrull, og den som hev augo, han sjå, den som hev øyro, han høyre.

Legg øyro til bakken, rett augo mot eit møbel som hev gjort si nytte gjenom hundrad av år, og du vil «minnast». Du vil sjå dei og høyra dei, lyda til tankane deira, menneskja som fór her.

Det finst ein stad vest i havet, eit sete frå millomalderen, og der stend ei 800 år gamal timberstove og murar til ei kyrkja som aldri vart fullbygd. Fjøresteinane ligg som dei låg for tusund år sidan, under himilen siglar same luft som då, og på tunet gjeng ei ætt som er av vår rot. Eg hev vori der, og eg visste eg hadde vori der i ei anna tid. Nei, ikkje fysisk, og det gjeld ikkje religiøse tankar um atterføding. Men det gjeng på dette: Eg hev vori her fyrr fordi eg er ein lekk i ei lang lekkje, og ei lekkje er ein heilskap. Dei som hev rudt og butt og levt her, hev lagt noko att av seg sjølve. Alle hev dei gjort so, og det ligg der etter deim som eigde det til oss som òg eig det. Eg legg øyro åt fjøresteinen og set augo mot regn og og svarte skyer. Eg ser og høyrer. Um nye tusund år er enno ikkje alt gjenge i gløymsla. Ogso me som bur i det tjugande hundradåret skal, med våre

røynslor og tankar, leggjast inn i minneboki til liks med fedrane og mødrene våre.

NMU-seminar i Oslo

Norsk Målungdom skipa til eit breidt upplagd seminar i Håndverkeren i Oslo i tidi 10. - 12. februar. Seminaret var ikkje fullført då bladet gjekk til prentaren, men me merkar oss at færøyværingen Jògvann Mørkøre, kulturgeograf, skulde vera med. Vidare folk som historikarane Trond Nordby og Harald Berntsen, økonom Torstein Dahle, Inger Dag Steen, med i GATT-aksjonen, Sandefjord, Vincent Eye Færavaag, konsulent, Arild Torbjørnsen, fylkesskulesjef, Fritz Holte, professor i sosialøkonomi, Randi Karlsstrøm, frå Småbrukarlaget, Tron Øgrim, bladmann, Arne Vinje gardbrukar og forfattar.

HIV UT BOKMÅLET!

Det er kva Norsk Målungdom (NMU) meiner me skal gjera i dette landet.

Korleis me skal gjera dette kan **DU** lesa om i meldingsbladet åt NMU - *EG*.

EG kjem ut med seks nummer i året, og det kostar berre 120 kroner for ei årstinging. *(Medlemer i NMU fær bladet gratis)*

TING *EG* OG LES UM: *grunnlaget for målreisingi, organisasjonsstoff, nasjonale spursmål i andre land, målbruk og normaltalemål, friske ordskifte, og mykje meir for målinteresserte!*

JA, eg vil tinga EG

Namn:

Adresse:

Poststad:

Send åt: Norsk Målungdom, Nordahl Bruns gate 22, 0165 Oslo, tlf: 22 36 40 43, Faks: 22 36 40 68

Bragr-bøker

Bragr-bøkene er i lummeformat, smakfullt innbundne. Tilskipa av Conrad Clausen. Mange hev teikningar av Magnus Hardeland. Fine til gåvor og helsingar. Pris kr. 40,- for bok + porto.

Heinrich Heine: Dikt i utval
Olav Nygard: Mitt rike. Utvalde dikt, innleiding av Ingjald Bolstad
Grundtvig på norsk. Med innleiding av Ingjald Bolstad.
Det dagast i Noreg. Lyrikk frå Hordaland.
Vers på vesterveg. C. Clausen hev innleiding «Hjå norrøne frendefolk».
Friedrich von Schiller: Songen um Klokka (Aasens ums.) og andre dikt.

Norrønalaget Bragr
ved Lars Bjarne Marøy
Eliasmarki 14
5034 Ytre Laksevåg
Bankgiro: 6504.05.10804

Garm d.y.:

Talemålsnærleik

Eit skriftmål som skal vera samnemnar for norske målføre - eit standardmål, nasjonalmål, mynstermål, høgnorsk eller kva namn me no vil velja - **kann** ikkje fylgja alle målføri i stort og smått og i eitt og alt. Det ligg i sjølve saki, i umgrepet. Dette er innlysande.

Um dei nednorskande, utvatnande og utflatande offisielle skulemålbrigdi frå 1938 og seinare i namnet skulde føra til eit meir talemålsnært mål, ligg det like mykje i saki at denne påhevda auka talemålsnærleiken i beste fall berre kunde gjelda for sume målføre.samstundes vilde talemålsnærleiken minka for andre målføre.

No skal me halda oss einast til eitt språkleg serdrag, men det er til vederlag eit viktugt serdrag. Me skal halda oss til *nemneform* av gjerningsord - *infinitiv* som sume likar å segja.

Nemneformi enda etter Aasen på **a**, å *fara, kasta.* Slik var det i gamalnorsk, og slik var det i 1901-skrivemåtane - i Hægstadmålet. Men derimot Midlandsmålet i 1901 heldt på kløyvd nemneform etter visse reglar - *fara,* men *kaste.* I 1917 vart e-nemneform godkjend til skulebruk [hakeparantes-form], slik vart det verande i 1938. I 1938 vart kløyvd nemneform dertil gjord til hovudform attåt a-nemneformi.

I 1959 vilde målpetimetrane - hårkløyvarane - leika seg på ein annan måte. Offentleg nynorsk var no fullkomeleg ein kasteball for kjepphestridande, målreformistiske dilletantar - dilletantar fordi ingen av rettskrivarane var fagleg utdana til mållaging. Det finst ikkje mange av det slaget! Dei gjorde bokmålsnemneformi på **e** til hovudform jamsides **a**-nemneformi, medan den kløyvde nemneformi vart nedstøytt til hakeparantes-form. Soga sidan kjenner me. Det offentlege byråkratiet, skuleverket, Samlaget og fleire støyter ut den norske a-nemneformi og gjer bokmålsnemneformi einerådande. Slik drep du eit språk.Rein e-nemneform er likevel ikkje gjenomførleg. A--en er for fast innebygd i målføre og skriftmål, i avleidningar og i refleksiv og passiv - *møtast, samlast, førast,* som rett nok hev fenge siden-emneform utan **t** (*møtas* osb.). Medan nemneformi i nynorsk dette hundradåret hev vorte umkasta og upprivi ustanseleg, hev bokmålsformi stade fast. Er det underleg at folk misser trui på vårt mål?

Eit serbisn skal nemnast. Målreformistar læst tru at trøndermålføri naturleg skal ha kløyvd nemneform på **a** og **e** - *fara* men *kaste.* Det er tullskap. Trøndsk hev **a** + ingi ending - *fara (fårå)* men *kast.* Avstandet frå ingi ending til a er slett ikkje lenger enn til e. Tvert um. Gjerningsord med ending, endar på **a,** og det var rimelegast og lettast at *all* nemneform fekk **a.** Med urette hev trøndsk vorte teki til inntekt for bokmålsnemneformi. Jamvel ein slik falsk talemålsnærleik vert nytta til nedriving av det nynorske målsystemet.

Nye bøker hausten 1994

Jostein Krokvik:
Luftspeglingars brotstykke
Diktsamling som utgjer ein mosaikk av skarpe bilete, reflekterte tankar og noggranne observasjonar.
Hefta kr 115,-.



Sigurd Sandvik:
Skriv betre norsk!
Rettleidingsbok for nynorskbrukarar - med vekt på ordval og setningsbygnad.
Hefta kr 115,-.



Ola Breivega:
Austanljos
Ei personleg skildring av vegen inn i ortodoks kristentru.
Hefta kr 120,-.

Norsk Bokreidingslag

Postboks 2672 - 5026 Bergen-Møhlenpris
Postgiro 0809 3918844

ISSN 0800-8647

RETURTILSKRIFT:
Vestmannen
6143 Fiskåbygd

Nanna Ebbing

Nanna Ebbing, Voss, er død 81 år. Det er ei melding som vekkjer sorg hjå mange som kjenner henne og visste noko um hennar allsidige innsats på kulturfronten.

Ho hadde ættebakgrunn frå den kjende Prahl-familien, den greini som hadde sæte i Alversund. Ho gjekk Bergen Katedralskule, studentkurs på Treiders Handelsskule, og ho studerte språk på universitetet i Freiburg i Tyskland. Ho gifte seg i 1937 med lækjar Alf Ebbing. Dei var i Meland fyrste åri, men kom til Voss i 1955. Ein avstikkar til USA hadde dei noko seinare. I alle desse åri fekk Nanna Ebbing dyrka sine mange interessor, historiske og kulturelle. Som journalist var ho i mange av sine Vossa-år korrespondent til Aftenposten i Oslo og til Morgenavisen i Bergen. Ho var sterkt uppteki av bygdekultur og lokalsogka, og ho hev skrive mange verdfulle artiklar. Lenge var ho kronikør i NRK.

Dei siste åri hennar var merkte av sjukdom. Ein gong i fjor ringde ho meg for å spyrja um noko ho var uviss på, og då eg spurde korleis det stod til med henne og mannen, svara ho at ho hadde kreft, men ho klaga ikkje. Eg fortalde henne då at Jostein Krokvik hadde ferdig manuskriptet til ei bok um Jan Prahl, ein av dei kjende, men gløymde slektningane hennar. Det var ei uventa gleda for henne. Og ei tid etterpå møtte eg henne på Bryggen Museum på ei utstillingsopning. Ho verka både frisk og glad, endå ho nok visste at det bar mot slutten.

Nanna Ebbing hadde sansen for samspelet millom bygdekultur og bykultur, og millom dei arbeid ho etterlet seg er biografien yver kaptein Prahl, ein av hennar stamfrendar i Bergen, og boki um den kjende lokalhistorikaren Th. S. Haukenes i Hardanger.

Ludv. Jerdal

God og rimeleg mat
får du på

Kaffistova til Ervingen

Torgegarden, Strandkaien 2
5000 Bergen

Sluttordet
Smilet og varmen opnar stigane millom menneski.
Aslaug Høydal.

Stor Nok For De Fleste

Lån og innskot?

SPØR OSS!

Kreditkassen gir deg ein total gjennomgang av din økonomi. Lån og innskot er viktige delar av familieøkonomien.

Våre løysingar er tilpassa din familiesituasjon.

KREDITKASSEN
Distriktsbank Hordaland
Allehelgens gt. 2, 5016 Bergen - Telefon 55 21 86 00